

Fra: Helstad, Ola <Ola.Helstad@lom.kommune.no>
Sendt: 26. mai 2015 21:27
Til: !Postmottak OED
Emne: Uttale frå Lom kommune - Høyring av endringar i energiloven om krav til selskapsmessig og funksjonelt skille - Reitenutvalget

Lom kommune har ved sitt kommunestyre gjort vedtak om følgjande uttale i sak vedr. høyring av endringar i energiloven om krav til selskapsmessig og funksjonelt skille – Reitenutvalget.

Lom kommune gjev følgjande uttale:

Lokal råderett og eigarskap over lokale ressursar og rettmessig del av verdiskapinga frå vår naturkapital er heilt vesentleg for framtida distriktet. Det grunnleggjande utgangspunktet for kraftindustrien er at naturverdiar og lokale ressursar er stilt til disposisjon for lokal og nasjonal verdiskaping. Det blir derfor forutsett at endringar som følgje av forslaget ivaretek dette på ein trygg og framtidretta måte, og at kommunar gjennom dette er tilretteleggjande for desse viktige samfunnsoppgåvene.

Forslaget kan føre til uheldige konsekvensar for distrikta og kan vera ein trussel mot små og mellomstore nettselskap sine moglegheiter til å drive effektivt.

Dette er m.a. grunngeve med følgjande:

- forslaget er ein trussel mot at nåverande eigarar får høve til å utvikle sine selskap i retning som dei sjølv ynskjer med utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter i lokalsamfunnet. Lokal råderett og eigarskap over lokale ressursar er heilt vesentleg for framtida i distriktet. Det grunnleggjande utgangspunktet for kraftindustrien er lokale ressursar som er stilt til disposisjon for nasjonal verdiskaping og forutset at ein vesentleg del av verdiskapinga blir halde att og attendeført til distriktet
- Endringsforslaga vil påføre våre nettselskap millionbeløp i årlege auka kostnader. Krav om funksjonsmessig deling utgjer den største kostnaden som følgje av auka byråkrati.
- forslaga sannsynleggjer ei uheldig utvikling på sikt ved færre arbeidsplassar knytt til energibransja. Dette gjeld sårt tiltrengte «kompetansesarbeidsplassar».
- Norge er eit land med utfordrande topografi og med store avstander. Dette tilseier ikkje at vi skal legge vår grense på 0 i talet på nettkunder når EU sin grense på selskapsmessig deling for nettselskap er 100 000 nettkunder.
- El-forsyningssikkerheit og beredskap i distrikts-Norge blir svekka dersom hovudtrekka i forslaget blir gjennomført. Dette er så viktige samfunnsfunksjonar at det bør utløyse eigen konsekvensutgreiing før forslaget blir endeleg vurdert.
- Som eigar av lokalt nettselskap er vi opptatt av at selskapa held seg innanfor regelverket for nøytralitet. Vi meiner det er oppsiktsvekkande at mangel på nøytralitet er ei av hovudgrunngevingane for så omfattande endringsforslag. Avvik vil bli avdekt av NVE sin kontroll av nettselskapa.

- Etablering av distribusjonssystemoperatører (DSO) er fornuftig løsning. Dersom DSO blir etablert bør nøytralitet og overordna rolle vektleggjast. DSO bør ikkje vera knytt til eller vera sett saman av aktørar frå næringa. NVE eller Statnett er aktuelle til dette.

Samrøystes.

Vi ber om stadfesting av at e-posten er mottatt.

MVH
For Lom kommune
Ola Helstad
Administrasjonssjef
Lom kommune